



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vestnes kommune

Fråsegn til søknad om bygging av Sesselva kraftverk i Tresfjorden

Vi viser til brev 06.06.2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgjande konklusjon:

Fylkesmannen fremjer motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til omsøkte planar for utnytting av Sesselva og Hoemselva til kraftformål. Konflikt med verdfulle naturtypar, negative effektar på flora og fauna i elvekløfter og redusert naturoppleving i fossellandskap med Liafossen som høgdepunkt, er bakgrunnen for motsegna.

Motsegna vert forsterka ved at likande vassdragssystem er under utbygging i kommunen. Vi tenkjer på Fossåna inst i Tresfjorden og Misfjord ved Flatevågen. Begge desse vassdraga får no sin opphavlege natur og sitt karakteristiske fossellandskap redusert/utbygd til kraftformål.

Kort om søknaden

- Sesselva Kraftverk AS vil nytte eit fall på 302 m i Sesselva og Hoemselva frå inntak på kote 355 i Hoemselva ned til kraftstasjonen på kote 53 i Sesselva.
- Sesselva planlegges overført frå sideinntak på kote 365 til inntaket i Hoemselva via ei cirka 2,1 km langt nedgrave røyrgate. Frå inntaket i Hoemselva til kraftstasjonen vil vassvegen vere nedgrave rør med ei samla lengde på cirka 2,2 km.
- Eksisterande veg til sideinntaket i Sesselva og til kraftstasjonen er planlagt oppgradert og nytta som adkomstveg, mens det lyt byggjast ny veg på cirka 1,2 km til inntaket i Hoemselva.
- Middelvassføringa er 1,22 m³/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2,2 m³/s.
- Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh.
- Utbygging av Sesselva kraftverk vil føre til redusert vassføring over ein strekning på 3,2 km i Sesselva og 1,4 km i Hoemselva.
- I Sesselva er det planlagt slipp av minstevassføring på 61 l/s heile året. Planlagt slipp av minstevassføring i Hoemselva er 134 l/s om sumaren og 43 l/s om vinteren.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 20.08.2013. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-6.

foto 1(motstrøms)




foto 2 (medstrøms)



3(motstrøms)



4(motstrøms)



5(motstrøms)



6



Foto 1-6 frå synfaringsdag 20.08.2013.

Foto 1 og 2 viser vassdragstilhøva i øvre del av Hoemselva ved inntak og like nedanfor. 3 og 4 er frå midtre delar av Hoemselva. 5 og 6 viser delar av fosselandskapet ovanfor Liafossen og Liafossen. Foto Leif Magnus Sættem

Fylkesmannen si vurdering

Ut i frå våre ansvarsområde har vi følgjande merknader:

Biologisk mangfald

Rapporten gir god informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For det meste er karplante-, lav- og mosefloraen artsfattig. Unntaket er ved den øvre delen av Sesselva i utbyggingsområdet, samt at delar av overføringstraséen mellom dei to elvene vil kome til å gå gjennom ei rikmyr med mellom anna store mengder med breiull samt andre meir krevjande karplanteartar. Det er også av fagleg interesse at både furuskogen og lauvskogen i lia søraust for Hoemselva, der røyrkata for overføring frå Sesselva til Hoemselva er tenkt plassert, stadvis er gammal. Det er også registrert noko rikare med mosar under Liafossen.

Rapporten inneheld gode vurderingar om artsmangfaldet i utbyggingsområdet og det er positivt at området er kartlagd og vurdert etter DN-handbok 13. Dette gir eit klart betre naturfagleg vurderingsgrunnlag enn berre artslistar og artsvurderingar.

Vi ser likevel i denne saka, som også i andre, at den samla verdien av og konsekvensane for aktuelle naturtypar ikkje alltid får den naudsynte vektlegginga samanlikna med interessante artsfunn. Vi ser difor grunn til gjere merksam på at når ein naturtype vert fanga opp av denne nasjonale kartleggingsmetodikken, så er i prinsippet områda spesielt viktig for det biologiske mangfaldet.

I rapporten er utbyggingsområdet samanlikna med andre nedbørsfelt. Dette er eit avsnitt som er lite avklarande. Det er opplyst at framleis er nokre av dei mindre elvane i Vestnes og Tresfjorden ikkje utbygde, men det er klart at det minkar med slike. Dessutan er dei fleste mykje mindre enn desse to. Det kjem vidare fram i mangfoldsrapporten at sidan dei registrerte verdiane i Sesselva og Hoemselva trass alt er relativt avgrensa, så må ein ha lov å forventa at det er andre elvar som langt på veg kan ta vare på nokre av dei naturverdiane som eventuelt vil gå tapt ved å byggja ut desse to elvene. Vi er ikkje trygg for at ein slik tanke vert ivareteke.

Til det avsnittet i miljørapporten vil vi merke at det er sjeldan at ei småkraftutbygging får negative konsekvensar for så mykje som tre naturtypeområde. Sjølv om fossesprøytsone/bekkekløfta i Liafossen er av verdi C, er dette likevel så langt den einaste registrerte fossesprøytsone i kommunen. Ein del av Sesselva er registrert som ei bekkekløft med verdi B. Elles er det berre Ysteligrova med verdi B som er kjent i kommunen og den vassdragskløfta er vesentleg mindre enn kløfta i Sesselva. Etter rapporten vil omfanget for lokaliteten verta merkbart om ein tek bort det meste av vatnet i elva, sjølv om verdien ikkje først og fremst er knytt til sjølve elva og elvestrengen, men meir til den særskilde topografien, til rikare berggrunn og til eit gunstig lokalklima som ligg til grunn for denne typen flora og fauna.

Under synfaring i området registrerte vi at i begge vassdraga er det førekomstar av daud ved. Under nedbrytingsprosessar av stokkar under sers fuktige tilhøve kan spesialiserte artar vere til stades og dette vil etter vår vurdering forsterke den biologiske verdien av dei to vassdraga.

Myra vest for Sessetra er også eit særprega område for biologiske verdiar. Det er tidlegare registrert fleire rikmyrar i kommunen med verdi C, men berre tre med verdi B. Det mest

spesielle med denne er at ho også er vurdert som slåtte/beitemyr. Dette er første registreringa av den naturtypen i kommunen og informasjonen vil bli lagt inn i Naturbase. Ei eventuell gjennomføring av det planlagde tiltaket vil få vesentlege negative konsekvensar for myra. Oftast vil slike grøfter føre til ei ganske mykje breiare inngrepssone enn det som ein ser for seg i utgangspunktet, samtidig som graving av grøft gjennom myra vil føre til ein del oksidasjon av det organiske materialet. Vi vil merke at grøfta vil få ein drenerande effekt og etter ei stund ville ein truleg sjå at det nærast grøfteområdet vil forsterke ein attgroingsprosess med krattskog og som vil vera negativt for både myra og det særskilde plantelivet.

I det heile skil naturen i utbyggingsområdet seg ut frå det som er vanleg og tiltaket som det er søkt om svekker viktige biologiske og økologiske samanhengar med ei alvorleg påverknad av tre område som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

Landskap/Friluftsliv

Omsøkte område representerar eit flott natur- og friluftsområde. Vassdraga er svært mangearta med juv- og fosselandskap der den kvitskummande Liafossen utgjer eit viktig landskapselement godt synleg på lang avstand, ikkje minst frå den vestlige sida av Tresfjorden. Frå denne delen av fjordlandskapet kunne ein heilt fram til desse dagar óg sjå Fossåna mot syd inst i Tresfjordfjella. Dette naturlige landskapselementet er no teke vekk ved at vassmengdene er utnytta til kraftformål. Det som no er lett synleg er dei fysiske inngrepa frå vegen opp lia til inntaket for kraftreguleringa.

Både Liafossen og Sesselva har viktige natur- og landskapsverdiar og begge har stor verdi for friluftslivet. Det er ein fin gamal veg og sti som fører heilt inn under Liafossen. Kort gangavstand gjer området lett tilgjengeleg.

Ved vurdering av konsekvensane av utbygginga for friluftslivsinteressene, er den totale friluftslivsopplevinga sentral. I tillegg til sjølve aktiviteten, vil landskap og urørtheit vere viktige. Verknadene for friluftslivet må sjåast på i influensområdet til utbygginga. Fylkesmannen legg vekt på at inngrepa vil påverke opplevingskvalitetane; både landskap og naturmangfaldet blir negativt påverka.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld vassdragsterrenget oppstraums anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure av småfallen storleik typisk for denne typen elveøkosystem. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområder)

Inngrepsfrie naturområder ligg sør for inntaket i Hoemselva. Omsøkte planar vil diverre føre til ein reduksjonen av dette 0,8 km². Dette skuldast forlenging av skogsvegen og bygging av inntaket i elva.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Naturen i utbyggingsområdet for Sesselva Kraftverk skil seg ut frå det som er vanleg i vår del av landet. Omsøkte planar svekker viktige biologiske og økologiske samanhengar. Utbygginga vil få alvorlege påverknader på tre område som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Likeins vil omsøkte planar redusere opplevinga av verdfulle fossar og juv som viktige landskapselement.

Fylkesmannen veljer vidare å sjå aktuelle sak i samanheng med pågåande kraftregulering i Fossåna og Misfjord, begge i Vestnes kommune.

På denne bakgrunnen finn vi å måtte reise motsegn i medhald av vannressurslova § 24 til utbygging av omsøkte vassdrag.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Lindis Nerbø
miljøverndirektør

Fagsaksbehandlar

Biologisk mangfald, Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE